

30/1984001

SVEIO KOMMUNE

PLANFØRESEGNER FOR BUSTADFELTET SOLHEIM

A) Det regulerte området er vist med reguleringsgrense på reguleringskartet.

Arealet innanfor plangrensa er regulert til:

- 1) Byggjeområde - bustader.
- 2) Trafikkområde - køyreveg, gangveg og fortau.
- 3) Friområder.
- 4) Andre føresegner, § 26: - felles avkøyring
  - parkeringsplass
  - leikeområde.



SVEIO KOMMUNE

PLANFØRESEGNER FOR BUSTADFELTET SOLHEIM

- B) § 1. Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Busetnaden skal der byggjelinje er oppgjeve, plasserast innanfor denne.
- § 2. Frittliggjande bustadhus kan førast opp i inntil 2 etasjar. I hus med ein etasje der terrenget etter bygningsrådet sitt skjøn ligg til rette for det, kan sokkeletasjen innreiast for busetnad innanfor ramma av føresegnene i byggjeforskriftene.
- § 3. For kvar familiebusstad skal det gjevast opp plass for 1 garasje og plass for oppstilling av 1 bil.
- Garasjen skal vera tilpassa bustadhuset med omsyn til materialvalg, form og farge.
- Plassering av garasje skal visast på situasjonsplan som fylgjer byggjemelding for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samstundes med huset.
- Garasjen kan plasserast i nabogrense i mehald til føresegnene i byggjeforskriftene.
- Bygningsrådet fastset den endelege plassering av garasjen.
- Uthus kan førast opp i tilknytning til bustadhus eller garasje. I særleg høve kan bygningsrådet gje løyve til å føra opp separat uthus.
- § 4. Grunnflata til bygningen , inklusive garasje og uthus må ikkje overstiga 30 % av arealet innanfor tomtegrensene.
- § 5. Bustadhus med tilhøyrande garasje og/eller uthus skal ha ein takvinkel på minst  $15^{\circ}$ , og høgst  $45^{\circ}$ .
- Bygningsrådet kan krevja at bygningar som det er naturleg å sjå i samanheng, skal ha same takform, takvinkel og/eller møneretning.



JD 1984001

- § 6. Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemelding sjå etter at busetnaden får ein god form og materialhandsaming og at bygningane får ein harmonisk utforming.
- § 7. Mellom tomtane må det ikkje setjast opp gjerde som er høgare enn 60 cm.
- § 8. Ingen tomt må plantast med trer eller buskar som etter bygningsrådet sitt skjønn kan verke skjernerande på den offentlege ferdsel. Siktsonene skal til ei kvar tid vera rydda for sikthindringar. Dei ubygde områda må gjvast ein tiltalende form og handsaming.
- § 9. Mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet innanfor ramma av bygningslova og byggjeforskrifter og særvedtekter for Sveio kommune.



Stadferdt 26. april 1984

Etter fullmakt

Lodvar Gjone

JD 1984001

FYLKESMANNEN I HORDALAND

POSTBOKS 106 - 5001 BERGEN

TELEFON 32 67 20 — TELEX 42 153

Sveio kommune

Teknisk etat

5520 SVEIO

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svarbrev):  
Jnr. 1431/84.714. ELj/ts

Dato  
26. april 1984

REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDET I PRESTEGARDSSKOGEN  
I FØRDE - STADFESTING.

Reguleringsplan for bustadområdet i Prestegardsskogen vart sendt fylkesmannen til stadfesting frå Sveio kommune 27. oktober 1983.


I medhald av § 27 i bygningslova av 18. juni 1965 og etter fullmakt av 2. juli 1973 frå Miljøverndepartementet, stadfestar ein vedtak i Sveio kommunestyre i møte 21. september 1983 om reguleringsplan for bustadområdet i Presteskogen i Førde.

Det stadfesta reguleringskartet og vedtektene følgjer vedlagt med påteikning om stadfesting, saman med nokre av saksdokumenta.

Det må sendast inn ein kartkopi på lerret, som vert påført stadfesting og returneres kommunen. Ein papirkartkopi må også sendast inn.

Om kunngjering av stadfesta plan viser ein til § 27 pkt. 5 i bygningslova. I kunngjeringa skal det gjerast kjend at vedtaket om stadfesting kan klagast over til Miljøverndepartementet etter nærare reglar.

Etter fullmakt

  
Gunnar Næss

  
Edgar Ljøne

Kopi til:

Miljøverndepartementet.  
Plan- og utbyggingsavdelinga.  
Vegsjefen i Hordaland.  
Fylkeslandbrukssjefen i Hordaland.  
Miljøvernavdelinga.